



Temanummer om fagfornyinga

I dette nummeret av Tangenten er fokus på fornyinga av læreplanane. Prosessen er delt inn i tre fasar. Monica Nordbakke orienterer i sin artikkel om den første fasen der ein arbeidde med å utvikla kjerneelement. Den neste fasen handlar om å utvikla utkast til læreplan som vert lagt ut til høyring. Toril Eskeland Rangnes og Bjørn Smestad kommenterer utkastet. Dei kjem inn på djupnelæring, talet på kompetansemål, samt progresjonsaspektet – både i kompetansemål, kjerneelement og tverrfaglege tema.

I utkastet står det at å læra matematikk handlar om å finna løysingar, om å vurdere og argumentera med matematisk språk. Slik læring skal gje høve til å forstå natur og samfunn. Det vert lagt vekt på samarbeid og kreativitet for at elevar skal meistra å finna løysingar på autentiske problem der matematikk vert relevant også utanfor skulen. Alle elevar skal no læra om vårt urfolk, samane, og det er fokus på teknologi, særleg programmering. Alle desse fokusa kan du lesa meir om i dette nummeret.

Tore Christensen skriv om eit prosjekt der elevar finn ut kor stor jorda er ved å bruka Pythagoras si setning og eigne høgdemålingar mellom to punkt som ligg svært langt ifrå kvarandre. Elevane må samarbeida og vera kreative for å finna løysingar. Prosessen og svara legg til rette for å forstå natur og få innsikt i storleikar.

tangenten 4/2018

Anders Wiik og Pauline Vos fylgjer opp fokuset på bruk av matematikk når dei gir døme på korleis logaritmiske skalaer og plott vert brukt i samfunnet, innan økonomi, psykologi, sosiologi, demografi og realfag. Elevar etterspør argument for faget sin nytteverdi og relevans. Wiik og Vos viser korleis ein kan svara.

Kirsten Siri og Jan Hermansen presenterer ein undervisningsidé tufta på samisk kultur. Dei har eit språkleg fokus når dei skriv om korleis elevar kan læra om tal, måling og geometri ved å arbeida med tradisjonelle samiske opphengstativ. Når det gjeld undervisning med bruk av teknologi og digitale læremiddel, har debatten i stor grad handla om programmering. Det er ikkje enkelt å finna forskning som dokumenterer samanhengar mellom matematikklæring og programmering. Då er det kjekt at me har ein artikkel frå våre danske vener i tidsskriftet Matematik. Peter Christensen viser oss matematisk læringspotensiale knytt til programmering av ein plenklyppar.

Me vonar dette nummeret kan bidra til at lesarane våre engasjerer seg i den tredje fasen i utviklinga av læreplanane.